

Stemneplasskveld med musikk og noko attåt.

01.06.2016



Diani Garcia frå Mexico begeistra publikum for to år sidan. Årets program er framleis i støypeskeia.

Tirsdag 14.juni kl.18 vil Uskedal friluftslag ha eit koseleg sommararrangement på Stemneplassen. Kristian Bringedal i friluftslaget kan fortelja at ramma for programmet er klart, medan det vert arbeidd med fleire programpostar. No er det berre å håpa på godt forsommarver, for då vil det verta ei koseleg familiestund på den trivlege plassen i Skårhaug.

For to år sidan arrangerte Uskedal musikklag eit liknande sommararrangement på Stemneplassen. Det vart ei veldig kjekk stund som mange sette pris på. I fjor var det også planlagt, men tilskipinga måtte avlysast på grunn av kaldt og därleg ver.

Denne gongen er det altså Uskedal friluftslag som eig Stemneplassen, som står bak arrangementet. Uskedal musikklag vil delta med publikumsvennleg og sommarlett musikk som passar godt i dei vakre omgjevnadene. Dei vil mellom anna kalla på Sommarvinden.

Elles opplyser Kristian Bringedal om at dei arbeider med andre innslag, men det er allereie klart at det vert både allsong, leikar og loddsalg. Ein ting er i alle fall sikkert! Dersom vergudane er på lag, vil det verta ei svært koseleg kveldstund på Stemneplassen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen